


## Planinitiativ detaljreguleringsplan Lontjørn, Ullensvang Kommune.

### FØREMÅLET MED PLANARBEIDET

Norconsult Norge AS skal på vegne av Odda Idrettslag v/Asle Læg Reid, fremje forslag til detaljreguleringsplan basert på dette planinitiativet. Planen omfattar eigedom gnr. 37 bnr. 103 på Lontjørn skistadion, i Ullensvang kommune. Ein har òg tatt med deler av areal på gnr. 37 bnr. 115 og gnr. 37 bnr. 98 for felles bruk av veg/areal.

Føremålet med planarbeidet er å leggja til rette for dagens bruk av området. Hovedintensjonen med planen er å legge til rette for skiaktivitet for barn og unge, bidra til meir aktivitet i naturen og i et folkehelseperspektiv. Ein ny detaljreguleringsplan vil kunne opne for naturleg utvikling av skianlegget, og samstundes fange opp tidlegare tiltak som ikkje er i tråd med gjeldande plan. Reguleringsplan vil regulere eksisterande langrenns- og skiskyttarstadion med tilhørande løypetrasear, stadion-bygg/klubbhus, lagerbygg for stadion, garasje/lager for løypeutstyr, adkomstvei og parkering. Samla areal som inngår i planen vil vera ca. 400 daa. Forslag til plangrense går fram av figurane under.




Figur 1 Plangrense, Kartgrunnlag frå Kommunekart.com

## GJELDANDE PLANAR

### Kommuneplanens arealdel

Kommuneplanen for tidlegare Odda kommune vart ikraftsett 18.12.2007. Planen avsett området til friareal og fritidsbebyggelse, til liks med resten av omkringliggjande areal.




Figur 2 Utsnitt av kommuneplanen, Kartgrunnlag frå Kommunekart.com

### Reguleringsplan

Størstedelen av planområde er omfatta av reguleringsplan for Lontjørnane frå 1978 (planid:12281978004). Denne planen regulerer området hovudsakleg til friområde, med opning for etablering av løyper og infrastruktur til aktivitetsområde.

Tilkomstveg og parkeringsplassar er regulert gjennom reguleringsplan for Solfonn-Langedalen (planid: 12282006003). Deler av Middagsnuten hyttefelt er regulert gjennom planending Solfonn/Langedalen, felt. Y (planid: 12282015004).



Figur 3 Utsnitt gjeldande reguleringsplanar, Kartgrunnlag frå Kommunekart.com

## Planområdet


### Avgrensning

Planområdet er avgrenset av gjeldende reguleringsplaner, eigedom gnr. 37 bnr. 103 på Lontjørn skistadion, og deler av areal på gnr. 37 bnr. 115 og gnr. Totalt ca. 80 dekar. Planområdet gjelder i hovedsak: gnr. 37 bnr. 103. Det kan være aktuelt å innskrenke planområdet ved utarbeiding av nytt plankart.

### Kort om planområdet

Området ligger fra ca. 520 m.o.h. til ca ca. 652 m.o.h., 19 km sør for regionsenteret Odda. Området ligg i småkupert og variert terreng og er såleis godt eigna for skiløyper og friluftsliv.

Planområdet ligger i nedslagsfeltet til det varig verna Opo - vassdraget (innanfor sone nemnt som klasse 1 i KP). Området er prega av typisk av småskog av bjørk og furu, med myrdrag og opp mot småbjørkeskog i det høgste terrenget. Det er gjort registreringar av fleire raudlisteartar like sør for planområdet, mellom anna gråsisik og gråtrost.



Figur 4 Utsnitt skiløypetrasèar.

## Kjente tilhøve og verknader av planarbeidet

### Verknader utanfor planområdet

Tiltak i planen vil sannsynlegvis få lite påverknad på områda utanfor planområdet. Støy og lys vil kunne ha ein liten påverknad. Det er ikkje bustadar i nærleiken av planområdet, kun fritidsbebyggelse, som blir brukt mest i helger og feriar. Ellers vil trafikkavvikling til planområdet vere det som har størst påverknad på området utanfor planområdet, men det er venta lite endringar i høve til dette.

### Adkomst

Det er i dag avkjørsel fra E134 og veg til parkeringsplass og til klubbhus.

### Parkering

Det er opparbeidd parkeringsplassar til stadion- og friluftsområdet.

### Løyper

Reguleringsplanen vil leggje til rette for vedlikehald og utbetring av dagens skiløyper. Det er venta at dette vil kunne gi ein konsekvens for naturmiljøet lokalt. Tidleg i prosessen skal difor naturmiljøet kartleggast, slik at tiltaka skal kunne planleggast for minst mogleg negativ verknad på naturmiljøet.

### Skytebane

Dagens skytebane vert regulert, med 30 blinkar. Skytebanen har retning mot nord, pga. sollys og sikkerheit.

### Publikumsområde

Publikumsområde ligg i hovudsak mellom skytebane og start- og målområdet. Planen vil sikre tilrettelegging av området etter prinsipp om universell utforming.

### Bygningar

Dagens klubbhus skal vidareførast.

## Funksjonell og miljømessig kvalitet

### Massebalanse

Utbetringar av anlegget vil i så stor grad som bli bygd med negativ massebalanse, men med tilkjøring av nødvendig grus for finretting av trasår. Traseer som blir bygd for kun vinterløyper blir oppbygd med stadlege massar. Endelig prosjektering av anlegget vil visa behovet for masseforflytning, men det er lite sannsynleg at prosjektet vil ha behov for utkjøring av overskotsmassar.

### Myr

Myrene i området vil i størst mogleg grad stå uberørt. Det er ynskjeleg med noko fylling mot myr i enkelte område. Naturtypekartlegging av området vil gi kunnskapsgrunnlag ift. detaljering og løysingar.

## **Tiltaket si tilpasning/påvirknad på nærområdet**

### **Landskap**

Løypetrasear vil i størst mogleg grad følge terrenget, men med nausynte skjæringar og fyllingar for å få ein funksjonell og trygg løypetrasè. Vidare prosjektering vil klarlegga kva som er nødvendige terrenginngrep.

### **Nærverknad/ fjernverknad**

Anlegget vil i liten grad påverke området rundt. Det er ein del hytter eit stykke frå anlegget. Det vil normalt være helger der det er aktivitet med konkurranser og aktivitet på skytebanen. Øvrig skiaktivitet vil ha liten påvirkning på området rundt. Lysanlegg vil bli bygd med tidsstyring, så det ikkje skal stå lys på når det ikkje er aktivitet.

### **Friluftsliv**

Anlegget vil naturleg ha påvirknad på friluftslivet i området, men i liten grad negativt. Erfaringar frå andre liknande anlegg syner at desse blir brukt til trim og turar, både sommar og vinter. Klubben søker å ha god dialog med berørte partar i planprosessen. Turstiar i området vil ikkje bli påverka av anlegget. Idrettsanlegget vil bli eit positivt tilskot til idretten i kommunen.

## **Vesentlige interesser som berøres av planinitiativet**

### **Skogsdrift**

Planområdet har ingen skogsdrift.

### **Naturmangfald**

Det skal gjennomførast naturmiljøkartlegging som dannar grunnlag for tiltaka.

### **Kulturminner**

Det er ikkje registrerte kulturminne innenfor planområdet.

## **Samfunnssikkerheit - risiko og sårbarheit**

Det vil i planprosessen utarbeidast ei ROS-analyse for å ivareta risiko og sårbarheit.

### **Flom**

Det er ikkje registrert aktsomhetsområde for flaum innenfor planområdet.

### **Skred**

Det er registrert aktsomhetsområde for snø- og jordskred i området.

### **Forurensning**

Vi er ikkje kjent med tidligare forureiningskjelder i planområdet, men det vil vere viktig å sette krav til løysingar som hindrar forurensning frå blypatroner.

### **Trafikksikkerheit**

Vegen inn til planområdet er frå dagens avkjørsel frå E134 med 80 km/t fartsgrense. Det meste av veien på området er grusvei, og har lav fartsgrense. Vegen vert og brukt til tilkomst til fritidsbustadar i vest. Dette bør ikkje vere noko problem slik veien er no, i høve trafikksikkerhet eller kapasitet.

## **Berørte offentlege organ og andre interesserte som skal varslast om planoppstart**

Planforslaget vil bli varsla og høyrte etter vanleg prosedyre etter plan- og bygningsloven.

Området er eigd av offentlege etatar og må følgjast opp særskilt.

## **Prosesser for samarbeid og medvirkning**

Klubben er opptatt av å ha godt samarbeid med berørte partar i planprosessen. Særlig vil det vere viktig at klubbens barn og unge blir involvert, for idear til fleirbruk og alternative aktiviteter som kan leggast til anlegget.

## **Vurdering av om planen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing**

I samsvar med forskrift om konsekvensutgreiingar av juli 2017 §4, skal forslagsstillar til ein reguleringsplan sjølv vurdere om planen fell innanfor forskrifta sitt saklege verkeområde, omtalt i §§ 6, 7 og 8 i forskrifta. På bakgrunn av opplysningane gitt av forslagsstillar skal ansvarleg mynde (Ullensvang kommune) ta stilling til om planarbeidet fell innanfor verkeområdet til forskrifta. Konklusjonen til ansvarleg mynde skal grunngjevast.

Forskrifta om konsekvensutgreiingar skil mellom planar og tiltak som *alltid* skal konsekvensutgreiast (§6), og planar og tiltak som skal *vurderast* nærare (§8). Tiltak etter §8 skal konsekvensutgreiast dersom planen eller tiltak som planen legg til rette for kjem i konflikt med eit eller fleire av kriteria i § 10 i forskrifta.

Tiltaka som detaljreguleringsplanen for Lontjørn legg opp til, vil kunne felle innanfor verkeområda i §8, med grunngjeving i vedlegg II, punkt 12a: «*Hoppbakker, skianlegg og skiheiser, taubane og tilknyttet utbygging*». Under føljefor ei vurdering av om planframlegget kan få vesentlege verkander for miljø eller samfunn.

## **Vurdering i høve kriteria i §10 i forskrift om konsekvensutgreiing**

I vurderinga av om planen kan få vesentlege verknader, skal det takast omsyn til eigenskapar ved planen eller tiltaket, lokalisering samt påverknad på omgjevnadene. I tillegg skal det sjåast på eigenskapane ved verknadene.

Vurderinga er basert på informasjon som er henta frå nasjonale databasar.

### **Eigenskapar ved planen og tiltaket som planen opnar for**

Planområdet er om lag 80 daa stort, og vil regulera området til skianlegg og skiløyper, med tilhøyrande areal for parkering. Området er i dag brukt til denne aktiviteten, men tiltaka er ikkje forankra i ein reguleringsplan.

### **Vurdering etter §10, tredje ledd:**

*Lokalisering og påvirkning på omgjevelsene omfatter en vurdering av om planen eller tiltaket kan medføre eller komme i konflikt med:*

**Punkt §10 a**

*verneområder etter naturmangfoldloven kapittel V eller markaloven §11, utvalgte naturtyper (naturmangfoldloven kapittel VI), prioriterte arter, vernede vassdrag, nasjonale laksefjorder og laksevassdrag, objekter, områder og kulturmiljø fredet etter kulturminneloven.*

**Planleggjar si vurdering**

Detaljreguleringsplanen legg ikkje opp til tiltak som vil koma i konflikt med punkta under §10a). Det vert likevel gjennomført ei naturtypekartlegging av området, som grunnlag for lokalisering av tiltaka i planframlegget.

**Punkt §10 b**

*truete arter eller naturtyper, verdifulle landskap, verdifulle kulturminner og kulturmiljøer, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressurser, områder med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift og områder som er særlig viktig for friluftsliv.*

**Planleggjar si vurdering:**

Ikkje kjent. Det vert gjennomført ei naturtypekartlegging av området, som grunnlag for lokalisering av tiltaka i planframlegget.

**Punkt §10 c**

*statlige planretningslinjer, statlige planbestemmelser eller regionale planbestemmelser gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 nr. 71 eller rikspolitiske bestemmelser eller rikspolitiske retningslinjer gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 14. juni 1985 nr. 77.*

**Planleggjar si vurdering:**

Ikkje aktuelt

**Punkt §10 d**

*større omdisponering av områder avsatt til landbruks-, natur- og friluftsmål, samt reindrift eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksvirksomhet*

**Planleggjar si vurdering:**

Ikkje aktuelt.

**Punkt §10 e**

*økt belastning i områder der fastsatte miljøkvalitetsstandarder er overskredet*

**Planleggjar si vurdering:**

Ikkje aktuelt.

**Punkt §10 f**

*konsekvenser for befolkningens helse, for eksempel som følge av vann- eller luftforurensning*

**Planleggjar si vurdering:**

Ikkje aktuelt. Planen vil åpne for tiltak som fremjar forlkehelsa. .

**Punkt §10 g**

**vesentlig forurensning eller klimagassutslipp**

**Planleggjar si vurdering:**

Ikkje aktuelt.

**Punkt §10 h**

**risiko for alvorlige ulykker som en følge av naturfarer som ras, skred eller flom.**

**Planleggjar si vurdering:**

Deler av planområdet ligg i aktsemdssoona for snø- og jordskred. I aktuelt aktsomheitsområde er det kun tur- og skiløype som skal reguleraast. Det vert gjort vurdering av dette temaet i planframlegget.

**Konklusjon**

Det vil gjennom planarbeidet verte teke omsyn til naturmangfold og naturfare ved planlegging av området. Alle myndigheitskrav og omsynet til risiko og sårbarheit vil ivaretakast i det vidare plan- og prosessarbeidet.

Vår samla vurdering er at planområdet og tiltaka i planen ikkje er av typen der dei særskilde utgreiings- og handsamingsreglane for konsekvensutgreiing gjer seg gjeldande.

Ullensvang kommune kan likevel stille bestemte krav om utgreiingar for å få saka tilstrekkeleg opplyst før den vert lagt fram til handsaming.

Dette dokumentet er utarbeidet av Norconsult som del av det oppdraget som dokumentet omhandler. Opphavsretten tilhører

Revisjon	Dato	Beskrivelse	Utarbeidet	Fagkontrollert	Godkjent
01	05.05.2026	Til gjennomgang hjå off. mynde	EiSan	KriBon	EiSan

Norconsult. Dokumentet må bare benyttes til det formål som oppdragsavtalen beskriver, og må ikke kopieres eller gjøres tilgjengelig på annen måte eller i større utstrekning enn formålet tilsier.